


Årsmelding 2020

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune



Vestland
fylkeskommune



Prosessmøte i kontrollutvalet - Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll

Foto: Hogne Haktorson

Innhald

1.	Om kontrollutvalet	5
	Lovgrunnlag	5
	Oppgåver	5
2.	Fakta om verksemda i 2020.....	6
3.	Måla til kontrollutvalet	6
4.	Opplæring av kontrollutvalet og andre	6
5.	Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS.....	7
6.	Sekretariat for kontrollutvalet	7
7.	Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).....	7
8.	Konsekvensar av Covid-19 pandemien	8
9.	Den økonomiske situasjonen i Vestland fylkeskommune	8
10.	Rekneskapsrevisjonen.....	10
11.	Forvaltningsrevisjonar i 2020	10
11.1	Plan for forvaltningsrevisjon.....	11
11.2	Informasjonstryggleik.....	11
11.3	Tannhelse	12
11.4	Tilskotsforvaltning innan ulike sektorar.....	14
12.	Eigarskapskontrollar i 2020.....	15
12.1	Plan for eigarskapskontroll	15
12.1	Selskapskontroll av Ferde AS.....	16
12.3	Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS.....	18
12.4	Selskapskontroll av Skyttel AS	19
13.	Andre saker.....	22
13.1	Prosjektrekneskapar.....	22

13.2	Tilpasning til ny personvernlov	23
13.3	Evaluering av omlegginga av fv. 567 gjennom Hosanger.....	23
13.4	Varslingsrutinar for elevar i Vestland fylkeskommune	23
13.5	Øvrige saker i kontrollutvalet i 2020.....	24
	Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontroller.....	25
1.	Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vgs 2	25
2.	Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt.....	26
3.	Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring	27
4.	Forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnsettet	28
5.	Selskapskontroll av Grieghallen IKS	29
6.	Forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltning.....	31
7.	Bybanen utbygging	32
8.	Transporttenesta for forflytningshemma	33
9.	Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular	34
10.	Selskapskontroll av Bybanen AS.....	35
11.	Kontroll av reiserekningar på politisk nivå Sogn og Fjordane fylkeskommune	36
12.	Selskapskontroll av Trivselshagen IKS.....	37
13.	Forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv	38

1. Om kontrollutvalet

Lovgrunnlag

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 (kommunelova) § 23-1, fastset at fylkestinget skal velje eit kontrollutval som skal utføre kontroll på deira vegne.

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 17.06.2019, «Forskrift om kontrollutvalg og revisjon».

Kommunelova og denne forskrifta er viktig basis for kontrollutvalet si verksemd.

Oppgåver

Kontrollutvalet skal føra kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget og sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Vestland fylkeskommune har konkurranseutsett revisjonsoppgåvene og det er for tida Deloitte AS som er den valde revisor.

Kontrollutvalet sin kontroll vert gjort m.a. ved at:

- den valde revisor vert sett til å gjennomføre revisjon av årsrekneskapen
- den valde revisor vert sett til å føre kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande bestemmingar og vedtak
- den valde revisor vert sett til å gjennomføre forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre revisjonsoppgåver på bestilling fra utvalet
- vedtak som fylkestinget har gjort ved behandlinga av revisjonsrapportar, vert følgd opp
- den valde revisor rapporterer resultatet av sitt arbeid til utvalet
- fylkestinget vert orientert om saker som det er viktig å få kunnskap om
- utvalet, gjennom den valde revisor sitt arbeid til ei kvar tid, vurderer om ein har ei forsvarleg revisjonsordning

For valperioden 2019– 2023 er kontrollutvalet sett saman slik:

Dan Femoen (H), leiar

Lars Fjeldstad (SP), nestleiar

Odd Erik Lind (FNB), medlem

Jostein Ljones (SP), medlem

Renate Møgster Klepsvik (FrP), medlem

Iril Schau Johansen (H), medlem

Ingrid Handeland (V), medlem

Dan Femoen (H), Lars Fjeldstad (SP) og Odd Erik Lind (FNB) har hatt sete i fylkestinget.

2. Fakta om verksemda i 2020

- Kontrollutvalet hadde 7 ordinære møter
- Kontrollutvalet har behandla 121 saker
- Møta vart haldne for opne dører
- Fylkesordføraren har møterett i kontrollutvalet
- Arbeidet i kontrollutvalet byggjer på saksframlegg med innstilling laga av sekretariatet. Saksframlegget baserer seg på rapportar, utgreiingar og anna skriftleg dokumentasjon som i hovudsak er motteke frå revisjonen. Vidare baserer utvalet seg på møtebøker, orienteringar frå administrasjonen og kontakt med tilsette, organisasjonar og publikum
- Kontrollutvalet har fått tilgang til all informasjon det vart bede om

3. Måla til kontrollutvalet

- Å auke tillit og tryggleik for at fylkeskommunale oppgåver vert utført på best mogleg måte og at saksbehandlinga sikrar likebehandling og rettstryggleik
- Å auke kvalitet og effektivitet i dei interne rutinane
- Å optimalisere dei totale kontrollressursane i fylkeskommunen
- Å bidra til at dei fylkeskommunale midlane vert nytta optimalt, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat
- Å sikre ein profesjonell og effektiv revisjon
- Å sikre uavhengigheta mellom kontrollutvalet og administrasjonen på den eine sida og kontrollutvalet og den valde revisjonen på den andre sida

4. Opplæring av kontrollutvalet og andre

I januar 2020 deltok kontrollutvalet på felles folkevaldopplæring på Solstrand for kontrollutvala i dei 3 fylkeskommunane på Vestlandet.

I løpet av 2020 vart det i regi av Deloitte AS arrangert kurs innan «Offentlege innkjøp». Kostnaden til dette kurset ligg inne som ein del av fastprisen i avtalen mellom Deloitte og fylkeskommunen. Etter planen skulle det vore gjennomført fleire slike kurs i 2020 men grunna Covid-19 pandemien lot det seg ikkje gjera.

5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS

Fellesnemnda vedtok 17.09.2020 å velje Deloitte AS som ekstern revisor for Vestland fylkeskommune fra 1. januar 2020 til og med 30. juni 2024.

Ansvarlig revisor i 2020 har vore partner Bjarne Ryland. Han har levert eigenvurdering vedrørende at Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune. I tillegg til dette har Deloitte orientert kontrollutvalet om vurderingar av eigen uavhengigkeit som dei har gjort fleire gonger i løpet av året.

6. Sekretariat for kontrollutvalet

Kontrollutvalet har eit eige sekretariat som skal yte kontrollutvalet den bistand som utvalet har trong for. Sekretariatet er administrasjon for kontrollutvalet. Dei skal m.a. sjå til at dei saker som vert behandla i utvalet er forsvarleg utgreidd og dei gjer innstilling i saker til kontrollutvalet.

Sekretariatet vart etablert med ønskje om og å kunna selja sekretariatstenester til andre kommunar i fylket. I 2020 vart det levert sekretærtenester til kontrollutvala i desse kommunane: Øygarden, Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Bjørnafjorden, Fitjar, Vaksdal, Askøy og Austevoll. I tillegg til dette er sekretariatet også sekretær for kontrollutvalet i Bergen kirkelige fellesråd.

Sekretariatet disponerte pr. 31.12.2020 i alt 5 tilsette med til saman 4,8 årsverk.

7. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein interesseorganisasjon for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og sekretariatet er begge medlemmer i FKT.

FKT sin årlege fagkonferanse som skulle vore halde i tidsrommet 03. - 04.05.2020 vart avlyst grunna korona pandemien. Årsmøtet vart gjennomført digitalt.

8. Konsekvensar av Covid-19 pandemien

Grunna Covid-19 pandemien har kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, som alle andre politiske utval, vore nødd til å gjennomføre møta i stor grad som fjernmøter. I starten av pandemien måtte i tillegg eit møte avlyst. Det har ført til forseinkingar på nokre saker, m.a. plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Utvalet har likevel klart å gjennomføre kontrollarbeidet i tråd med kommunelova.

9. Den økonomiske situasjonen i Vestland fylkeskommune

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune behandla årsrekneskapen for 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune i møte 11.05.2020 der det vert gjeve m.a. slik uttale:

1. Kontrollutvalet har merka seg at netto driftsresultat i 2019 vart på 0,54 % av driftsinntektene medan måltalet for fylkeskommunane bør vera på minst 4 %. Kontrollutvalet ser også dette opp mot at netto driftsresultat i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 8 av dei 10 siste driftsåra har vore høgare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane og høgare enn måltalet på 4 %.
2. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Kontrollutvalet merkar seg at lånegjelda var på 68,3% i 2019 - altså innafor det som er tilrådd. Den har vore relativt stabil - frå 67,4% til 70,8% - dei siste 5 åra.
3. Riksrevisjonen tilrår tilsvarande at kommunane har eit disposisjonsfond på minst 5 %. Det fondet var på omlag 21% i 2019 - altså godt over tilrådinga, men med ein liten nedgang frå dei to føregåande åra.
4. Kontrollutvalet oppmodar Vestland fylkeskommune om å prioritere å sette fokus på prosessar som kjem fram i revisorbrev nr. 6-2019 frå SF revisjon IKS.

På bakgrunn av denne uttalen vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2019.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen gjere greie for prosessar i samband med påpeikingar frå revisor i revisorbrev nr. 6-2019 i kontrollutvalsmøte 16.09.2020.

Tilsvarande behandla kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune årsrekneskapen for 2019 for Hordaland fylkeskommune i møte 11.05.2020 der det vert gjeve m.a. slik uttale:

1. Kontrollutvalet er uroa over at Hordaland fylkeskommune si lånegjeld er særstakt stor og utgjer ved utgangen av 2019 110,3 % av fylkeskommunen sine årlege driftsinntekter.

2. Lånegjelda har vore særslig høg i ein del år og kontrollutvalet meiner at denne utviklinga ikkje kan halda fram. Fram til 2018 trappa fylkeskommunen opp avdragsbetalinga kvart år. Kontrollutvalet er uroa over at ein i 2019-budsjettet ikkje fann rom for vidare opptrapping av avdraga for å bremsa gjeldsveksten.
3. Kontrollutvalet er og uroa over at netto driftsresultat i 2019 vart på 0,94 % medan måltalet for fylkeskommunane bør vera på minst 4 %. Kontrollutvalet har og merka seg at i 11 av dei siste 12 driftsåra er netto driftsresultat i Hordaland fylkeskommune lågare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane.
4. Kontrollutvalet merkar seg og at ubunde disposisjonsfond er lågare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på minst 5%, sett i forhold til driftsinntektene. Ubunde disposisjonsfond for Hordaland fylkeskommune ligg i årsrekneskapen for 2019 på 2,74%.
5. Kontrollutvalet oppmøder Vestland fylkeskommune om å prioritere forbettingsområda som kjem fram i revisjonsrapport 2019 nr. 23, frå Deloitte

På bakgrunn av denne uttalen vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 16.09.2020 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbettingsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2019 nr. 23 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2019.

Fylkesrådmannen orienterte om kva som er gjort i høve forbettingsområda som kjem fram i revisjonsrapport 2019 nr. 23 frå Deloitte og påpeikingar SF-revisjon IKS kom med i revisorbrev 6-2019 i møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 12.10.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.»

10. Rekneskapsrevisjonen

Deloitte orienterte kontrollutvalet gjennom heile året om status når det gjeld rekneskapsrevisjonen. Deira plan for rekneskapsrevisjon vart presentert for utvalet våren 2020. Vidare orienterte Deloitte kontrollutvalet om den utførte risiko- og vesentlegvurderinga om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2020 i første møte hausten 2020.

Dei presenterte den gjennomførte interimsrevisjonen for 2020 for kontrollutvalet i møte 25.11.2020. Deloitte har i samband med interimsrevisjonen gjort særskilde vurderingar av rutinar innan delar av intern kontrollen i fylkeskommunen.

På bakgrunn av interimsrevisjonsrapporten gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tek interimsrevisjonsrapport 2020 frå Deloitte til orientering.»

11. Forvaltningsrevisjonar i 2020

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i saksbehandlinga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som fylkeskommunen har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei forvaltningsrevisjonane som kontrollutvalet har behandla i 2020.

11.1 Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegera til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av fylkeskommunen si verksemd og av verksemda i fylkeskommunen sine selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeid ein plan for forvaltningsrevisjon som vart behandla i fylkestinget 15.12.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Vestland fylkeskommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
3. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til fylkestinget etter kvart.

11.2 Informasjonstryggleik

Kontrollutvalet bestilte 11.05.2020 forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 15.12.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at det vert sett i verk tiltak for å sikre følgjande:

1. at fylkeskommunen sitt styringssystem blir gjort ferdig og implementert i organisasjonen, og som del av dette sikre at:
 - a)ansvarsforhold knytt til informasjonstryggleik blir gjort kjend og etterlevd av dei tilsette
 - b)rutinar for informasjonstryggleik blir gjort ferdige, kjende og blir etterlevd av dei tilsette
 - c)det blir gjennomført tilstrekkeleg kontroll og etterprøving av informasjonstryggleiken
2. at ansvar og rutinar for å hindre uautorisert innsyn i konfidensielle opplysningar er utfyllande, tydelege og blir etterlevd, og som del av dette gjer tiltak for at tilsette:
 - a)praktiserer trygg bruk av e-post, t.d. gjennom nettfiskeforsøk
 - b)nyttar sikker sone ved lagring av konfidensielle opplysningar
 - c)krypterer konfidensielle opplysningar som ikkje er lagra i sikker sone
3. at ansvar og rutinar for å hindre uautorisert tilgang til informasjonssistema er utfyllande, tydelege og blir etterlevd, og som del av dette gjer tiltak for å:
 - a)sikre at tilsette har nødvendige tilgangar
 - b)sikre at tilsette ikkje har tilgangar utan at det er tenestleg behov
4. at krava i personvernforordninga blir etterlevde, og som del av dette:
 - a)føre protokoll over alle behandlingar av personopplysningar

- b) signere databehandlaravtalar med alle kommunen sine databehandlarar
- c) gjennomføre risikovurderingar knytt til behandlingar av personopplysningar
- d) gjennomføre vurdering av personvernkonsekvensar ved behandlingar av personopplysningar med høg risiko
- 5. at systemeigarar og andre med ansvar knytt til informasjonstryggleik og personvern mottek tilstrekkeleg opplæring
- 6. at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med informasjon om informasjonstryggleik til dei tilsette, og sikre at dei tilsette får den naudsynte opplæringa for å kunne ivareta informasjonstryggleiken på ein tilfredsstillande måte
- 7. Fylkestinget ber også om at fylkesrådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

11.3 Tannhelse

Kontrollutvalet bestilte i 11.05.2020 forvaltningsrevisjon innan tannhelse i Vestland fylkeskommune.

Forvaltningsrevisjonen har slikt føremål:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om prioriterte grupper tannhelsetenester får tilbod om dette og om økonomistyringa knytt til tannhelsetenesta er tilfredsstillande.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

- 1) I kva grad gjev Vestland fylkeskommune eit tilfredsstillande tilbod om tannhelsetenester til prioriterte grupper, i samsvar med regelverket?
 - a) Gjev fylkeskommunen eit regelmessig og oppsökjande tilbod til prioriterte grupper, jf. lov om tannhelsetenester §1-3?
 - b) Er det etablert rutinar og retningsliner for å sikre at dei prioriterte gruppene får informasjon om den tannhelsetenesta dei har krav på?
 - c) Har fylkeskommunen tilstrekkelege rutinar for å identifisere prioriterte brukargrupper sitt behov for tannhelsetenester?
 - d) I kva grad blir pasienter henvist til TOO-teama i fylkeskommunen (eit tilrettelagt tannhelsetilbod til tortur-og overgrepsutsette og personar med sterk angst for tannbehandling)?
 - e) I kva grad er samhandlinga mellom fylkeskommunen og andre tenesteytarar innan helsevesenet (t.d. kommunale etatar og institusjonar) tilfredsstillande, når det gjeld å sikre tilbod om tannhelsetenester til prioriterte brukargrupper?
 - f) Korleis sikrar fylkeskommunen at tilboden til betalande pasientar ikkje går ut over tilboden til dei prioriterte gruppene?
 - g) I kva grad opplever tilsette ved tannklinikke at dei har ein ressurssituasjon som gjer at dei kan gje tannbehandling av god nok fagleg kvalitet?
 - i) I kva grad er økonomiske omsyn styrande for kva behandlingsform ein vel for den einskilde pasient?
 - h) I kva omfang mottek tannhelsetenesta klagar?
 - i) Kor mange av klagarane får medhald når dei klagar til fylkeskommunen?

- ii) Kor mange saker blir sendt vidare til fylkemannen i Vestland og kva er resultatet i desse sakene?
- 2) I kva grad ivaretak fylkeskommunens sitt ansvar for å forebygge, avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep?
 - a) I kva grad opplever tannklinikkane i Vestland at det er lagt til rette for at dei er i stand til å førebygge, avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep?
 - i) I kva grad meiner tilsett ved tannhelsetenesta at dei har tilstrekkeleg kompetanse til å avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep?
 - ii) I kva grad meiner tilsett at det ligg føre tilstrekkelege system, rettleiarar og rutinar til hjelp i arbeidet med å førebygge, avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep
 - b) I kva grad melder tilsette ved tannklinikkane i Vestland eventuell bekymring til barnevernet?
- 3) Har fylkeskommunen tilstrekkeleg økonomistyring innan tannhelsetenesta? a. Har fylkeskommunen gode system for å sikre realistisk budsjettinger innan tannhelsetenesta?
 - a) Har fylkeskommunen tilfredsstillande system for å skilje mellom inntekter (inkludert tilskot) og utgifter knytt til tannhelsetenesta sitt spesialisttilbod, tilbod til prioriterte grupper og tilbod til vaksne betalande pasientar?
 - b) Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for fakturering av betalande klientar?

Revisjonsrapport skal etter planen behandlast i kontrollutvalet i mars 2021 og i fylkestinget i juni 2021.

11.4 Tilskotsforvaltning innan ulike sektorar

Kontrollutvalet vedtok i møte 25.11.2020 å gjennomføre forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune ved at det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 27.01.2021.
4. Prosjektplanen skal leggjast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.

12. Eigarskapskontrollar i 2020

I gamal kommunelov var dette omtala som selskapskontroll som innebar både forvaltningsrevisjon i fylkeskommunen sine selskap og fylkeskommunen si eigaroppfølging av selskapa. Dei gjennomførte kontrollane som går fram vidare i dette kapittelet er gjennomført som selskapskontrollar etter gamal kommunelov avdi dei i hovudsak vart bestilt i 2019.

Etter ny kommunelov er det no slik at forvaltningsrevisjon i fylkeskommunen sine selskap skal inngå i plan for forvaltningsrevisjon som er omtala i punkt 11 framanfor.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt d lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll dette:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

12.1 Plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll lyd m.a. slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentligheitsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentligheitsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan deleger til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av fylkeskommunen sin eigarskap i selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeid ein plan for eigarskapskontroll som vart behandla i fylkestinget 15.12.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Vestland fylkeskommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
3. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av eigarskapskontrollar til fylkestinget.

12.1 Selskapskontroll av Ferde AS

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune vedtok i møte 02.09.2019, i samarbeid med kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune, å gjennomføre selskapskontroll av Ferde AS.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at denne selskapskontrollen hadde slikt føremål:

Føremålet med selskapskontrollen vil vere å undersøke om organiseringa av og aktivitetane i Ferde er i samsvar med føremålet til selskapet, og vidare å undersøke om bruk av midlar er i samsvar med regelverket og eigarane sine føringer.

Med bakgrunn i føremålet vart det utarbeidd følgjande problemstillingar som vart undersøkt:

1. Blei fusjonsprosessane som låg til grunn for etableringa av selskapet gjennomført i samsvar med regelverket og eigarane sine føringer? Under dette vil vi mellom anna sjå på rutinar og praksis knytt til bierverv og liknande, samt relasjonen mellom Ferde AS og Skyttel AS.
2. *Har eigarfylkeskommunane etablert ei tilfredsstillande eigaroppfølging av selskapet?*
 - a. *Er det etablert tydelege mål for Ferde AS, og er ev. mål i samsvar med bompengereforma?*
 - b. *Gjennomfører eigarane kontroll med selskapet sine kostnadar og bruk av midlar?*
3. *I kva grad har styret hatt ei tilfredsstillande oppfølging av selskapet?*
4. *Har selskapet gjort naudsynte tiltak for å sikre at personopplysningiar blir handsama i samsvar med krav i regelverket?*
 - a. *Har selskapet gjort tilstrekkelege risikovurderingar?*
 - b. *Har selskapet databehandlaravtalar med alle leverandørar som handsamar personopplysningiar på vegner av selskapet?*
 - b. *Har selskapet nytta lovlege overføringsmekanismar i samband med utføring av personopplysningiar frå EØS?*

5. *Er ressursbruken i Ferde AS i samsvar med og eigna til å understøtte føremålet til selskapet?*
 - a. *I kva grad er det etablert ein tydeleg ansvars- og rolledeeling internt i selskapet med omsyn til økonomiske fullmakter?*
 - b. *I kva grad er det etablert rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i selskapet?*
 - c. *Har bruken av midlar i selskapet vore i samsvar med regelverket og eigarane sine føringar sidan oppstart og fram til 30. juni 2019. Det vi vil sjå på er:*
 - i. *Er utvalde innkjøp gjort i samsvar med krav i regelverket for offentlege anskaffingar, og korleis er nærmilande relasjonar handtert i innkjøpsprosessar?*
 - ii. *Er kostnadsnivået for utvalde aktivitetar og postar som seminar, reise, løn mm., rimelege for eit offentleg eigd selskap og føremålet med aktivitetane?*

Revisjonsrapport vart behandla i møte i fylkestinget i Vestland fylkeskommune 03.03.2020 der det vart gjort slik vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at eigarane syter for å:

1. Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS
3. Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte
4. Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)
5. Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

*På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be **styret** syta for at selskapet:*

1. Fullfører arbeidet med å utarbeide nye arbeidsavtalar for alle tilsette
2. Utarbeider rutinar for bruk av bierverv og for å dokumentere godkjenning av bierverv
3. Retter opp i dei identifiserte manglane i personvernerklæringa
4. Sikrer at protokollen over behandlingar av personopplysningar blir haldt á jour og er komplett
5. Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderingar for behandling av personopplysningar, sikre at desse blir gjennomført før behandlinga finn stad, og at dei femner om alle relevante risikoar
6. Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:
 - a. Fullføre revideringa av fullmaksmatrixa, og sikre at denne er eintydig, utfyllande og i samsvar med andre rutinar og retningslinjer, samt inkluderer kjøp under kr. 100 000
 - b. Halde fram med det pågående forbettingsarbeidet knytt til styring og kontroll på økonomiområde, inkludert med omsyn til å dokumentere rutinar og prosessar, og med å klargjere ansvar og rollar.
 - c. Sikre at det er samsvar mellom rutinar og praksis knytt til godkjenning av fakturaer
 - d. Utarbeide retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette

7. Fullfører etableringa av system og rutinar for gjennomføring av anskaffingar, og sikre at desse blir gjort i samsvar med krav i regelverket, og under dette:
 - a. Konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med krav i regelverket
 - b. Dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket
8. Etablerer rutine for å dokumentere relasjonar mellom nærtståande og eventuelle transaksjonar mellom desse
9. Sikrer at rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i høve innkjøp er utfyllande
10. Gjennomfører planlagt opplæring av tilsette som gjer innkjøp
11. Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har behandla oppfølging av selskapskontrollen frå styret i Ferde AS 2 gonger i 2020 seinast i møte 12.10.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar Ferde AS sin informasjon til orientering.
2. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber Ferde AS om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av punkta 6b og c og 7 i selskapskontrollen av selskapet til første møte i utvalet i 2021.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 15.01.2021.

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune behandla handlingsplan frå **eigar** i Ferde AS i tråd med punkt 5 i vedtaket i møte 17.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber eigar om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av selskapskontroll av Ferde AS til første møte i utvalet i 2021.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser det som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 25.01.2021.

12.3 Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS, jf. punkt 12.2 over, vedtok kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, i samarbeid med kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune, i møte 21.04.2020 å be Rogaland Revisjon IKS gjennomføre ei tilleggsbestilling av selskapskontroll av Ferde AS med slik føremål:

«Formålet med prosjektet er å evaluere transaksjoner gjort i anledning etableringen av Ferde som et regionalt bomselskap og transaksjoner mellom Ferde/dets datterselskap og deres nærtående.»

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Ble transaksjoner i anledning etablering av Ferde som et regionalt bomselskap gjennomført i samsvar med gjeldende regelverk og i samsvar med eiernes føringer? Herunder vurderes:
 - Fusjoner/fisjoner til grunn for etableringen av det regionale bomselskapet
 - Ervervet av BT Signaal AS og tilhørende transaksjoner inkludert det omtvistede, fremforhandlede sluttoppkjøret og faktura for utviklingstjenester for Sesam Sesam
 - Innfusioneringen av regionale bomselskap
2. Ble Ferde og dets datterselskaps nærliggende transaksjoner gjennomført i samsvar med gjeldende regelverk? Herunder
 - Ble transaksjonene inngått på forretningsmessige vilkår?
 - Ble aksjelovens krav til skriftlighet og godkjenningsprosedyre fulgt?
 - Ble det gitt dekkende opplysninger om transaksjonene i regnskapene?

Revisjonsrapport vart handsama i kontrollutvalet 25.11.2020. Av saksframlegget går det fram at Rogaland Revisjon IKS konkluderer slik:

«Rogaland Revisjon IKS er av den oppfatning at

transaksjonene som ble gjennomført i anledning etableringen av Ferde som et regionalt bompengeselskap, var i samsvar med eiernes føringer og gjeldende regelverk; Ferde/dets datterselskaps nærliggende transaksjoner synes å være gjennomført på forretningsmessige vilkår; og at det ikke foreligger vesentlige nærliggende transaksjoner som ikke allerede har vært omtalt i selskapskontrollen.»

Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 15.12.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune tek rapport om tilleggsbestilling etter selskapskontroll av Ferde AS til orientering.

12.4 Selskapskontroll av Skyttel AS

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune vedtok i møte 02.09.2019, i samarbeid med kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune, å gjennomføre selskapskontroll av Skyttel AS.

I den godkjende prosjektplanen hadde selskapskontrollen slikt føremål:

Føremålet med selskapskontrollen vil vere å undersøke om organiseringa av og aktivitetane i Skyttel AS er i samsvar med føremålet til selskapet, og vidare å undersøke om bruk av midlar er i samsvar med eigarane sine føringer.

Med bakgrunn i føremålet vart utarbeidd følgjande problemstillingar som vart undersøkt:

1. *Har eigarfylkeskommunane etablert ei tilfredsstillande eigaroppfølging av selskapet?*
 - a. *Er det etablert tydelege mål for Skyttel AS, og er ev. mål i samsvar med bompengereforma?*
 - b. *Gjennomfører eigarane kontroll med selskapet sine kostnadar og bruk av midlar?*
2. *I kva grad er selskapet organisert slik at det kan ivareta dei oppgåvane som ligg til grunn for skipinga av selskapet (utstedarverksemd mm.)?*
3. *Har selskapet gjort naudsynte tiltak for å sikre at personopplysningars blir handsama i samsvar med krav i regelverket? a. Har selskapet gjort tilstrekkelege risikovurderinger?*
 - a. *Har selskapet databehandlaravtalar med alle leverandørar som handsamar personopplysningar på vegner av selskapet?*
 - b. *Har selskapet nytta lovlege overføringsmekanismar i samband med ev. utføring av personopplysningar frå EØS?*
4. *Er ressursbruken i Skyttel AS i samsvar med og eigna til å understøtte føremålet til selskapet? a. Er dei økonomiske aktivitetane i selskapet eigna til å understøtte føremålet eigarane har med selskapet?*
 - a. *I kva grad er det etablert ein tydeleg ansvars- og rolledeelinga internt i selskapet med omsyn til økonomiske fullmakter?*
 - b. *I kva grad er det etablert rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i selskapet?*
 - c. *Har bruken av midlar i selskapet vore i samsvar eigarane sine føringer sidan oppstart og fram til 30. juni 2019. Det vi vil sjå på er:*
 - i. *Er kostnadsnivået for utvalde aktivitetar og postar som seminar, reise, løn mm., rimelege for eit offentleg eigd selskap?*
 - ii. *I kva grad er det etablert rutinar for å sikre effektive innkjøp og blir desse følt i praksis?*

Revisjonsrapport for selskapskontroll av Skyttel AS vart behandla i fylkestinget 29.09.20 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Skyttel AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at eigarane syter for å:

1. Vurderer korleis ein kan legge til rette for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eventuelle eigarmøte.
2. Etablerer ein felles eigarstrategi for Skyttel AS.
3. Etablerer ein rutine for jamlege eigarmøte.
4. Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Skyttel AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be styret syta for at selskapet:

1. Utarbeider ein strategi for selskapet.
2. Held fram med forbetringssarbeidet knytt til systematisering og skriftleggjering av styrearbeidet
3. Utarbeider rutinar for å dokumentere godkjenning av bierverv.
4. Etablerer ei føremålstenleg eigarrapportering.
5. Sikrar etterleving av personopplysningsregelverket, inkludert:
 - a. Vurderer formalisering av vurderingane som ligg bak forståinga av at Skyttel i hovudsak er databehandlar av personopplysingar på vegner av andre.
 - b. Utarbeider og inngår databehandlaravtalar med alle selskapet sine databehandlarar.
 - c. Treff tiltak for at det blir inngått databehandlaravtale med alle oppdragsgjevarane Skyttel behandlar personopplysingar på vegner av.
 - d. Held protokollen over behandlingar av personopplysingar á jour og komplett.
 - e. Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderinger for behandling av personopplysingar.
 - f. Treff tiltak for å sikre at overføring av personopplysingar frå EØS blir gjort i samsvar med krava i regelverket.
6. Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:
 - a. Sikrar at kvalitetssystemet blir implementert i organisasjonen.
 - b. Tydeleggjer og formaliserer kven som har kva ansvar og rolle på økonomiområdet, t.d. gjennom å etablere ein fullmaktssstruktur og å oppdatere relevante stillingsskildringar.
 - c. Utarbeider retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette.
7. Sikrar at rutinar og praksis for innkjøp er tilstrekkeleg utfyllande og effektive, inkludert:
 - a. At innkjøpsrutinen femner om relevante innkjøpsfaglege prosessar.
 - b. Sikrar at innkjøp blir konkurranseeksponert i samsvar med føringar frå styret.
 - c. Sikrar at innkjøp blir tilstrekkeleg dokumenterte for å sikre etterprovbarheit
 - d. Vurderer tiltak for å tydeleggjere kva innkjøpsfagleg rolle den innkjøpsansvarlege skal ha.
 - e. Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune behandla handlingsplanar i tråd med vedtaka over i møte 25.11.2020 der det vart gjort slike vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Skyttel AS om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av selskapskontroll av selskapet til møte utvalet 10.05.2021.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon eller døme som viser det som er gjort på alle punkta, for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 19.04.2021.

1. Kontrollutvalet ber Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for eigar si oppfølging av selskapskontroll av Skyttel AS til møte i utvalet 10.05.2021.
2. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 19.04.2021.

13. Andre saker

13.1 Prosjektrekneskapar

I løpet av 2020 har kontrollutvalet fått til behandling 1 prosjektrekneskap som gjeld prosjekt der eigedomsavdelinga har ansvaret.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har i 4 møte i 2019 hatt fokus på prosjektrekneskapar frå andre enn eigedomsavdelinga. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har hatt fokus på dette i 2 møte i 2020 der det i møte 12.10.2020 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen om prosjektrekneskap for vegprosjekt til orientering.
2. kontrollutvalet ber om å få tilsend rutinane for godkjenningsordning for prosjektrekneskap når dei er ferdig utarbeidd, jf. punkt 4 i vedtak i fylkestingssak PS 93/20 frå møte 29.09.2020.

Det kan i den samanheng opplysast om at fylkestinget vedtok slike nye retningsliner i møte 29.09.2020:

1. Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med budsjett ved byggjestart på over 75 mill. kr skal det leggjast fram prosjektrekneskap for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.
2. Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med budsjett ved byggjestart på over 50 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10 % samanlikna med budsjett ved byggjestart, skal det leggjast fram prosjektrekneskap for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.
3. Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med lågare budsjettsummar vert prosjektrekneskapa innarbeidde i årsrapporten. 4. Fylkesrådmannen utarbeider retningsliner for ordninga.
4. Fylkesrådmannen utarbeider retningsliner for ordninga
5. Prosjektrekneskap vert lagt fram for revisor og kontrollutvalet før endeleg politisk behandling

13.2 Tilpasning til ny personvernlov

Fylkesrådmannen har ved fleire høve i 2019 orientert kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om status i høve arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Vidare har kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune fått orientering frå fylkesrådmannen om same sak 2 gonger i 2020, seinast i møte 15.06.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.
2. kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg og munnleg orientering om status i høve arbeidet med personvernlov i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2020. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 04.11.2020
3. Det er ønskjeleg at det nye personvernombodet og den nye personvernrådgjevaren deltar i den munnlege orienteringa.

Av praktiske omsyn er orienteringa i tråd med punkt 3 i vedtaket over utsett til første møte i utvalet i 2021.

13.3 Evaluering av omlegginga av fv. 567 gjennom Hosanger

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune behandla gjennom fleire møte i 2019 sak om evaluering av omlegginga av fv. 567 gjennom Hosanger. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har behandla saka i 3 møte i 2020 seinast i møte 12.10.20 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg at denne saka har teke uforholdsmessig lang tid utan at ein har klart å få til ei løysing, jf. at saka starta opp i mai 2019.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av det som gjeld gråsteinsmuren, til første møte i utvalet i 2021, med frist for levering til sekretariatet innan 15.01.2021.

13.4 Varslingsrutinar for elevar i Vestland fylkeskommune

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 15.06.2020:

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen til neste møte i utvalet svarer skriftleg på desse spørsmåla når det gjeld varslingsrutinar for elevar:
 - a. På kva måte har Vestland fylkeskommune tilrettelagt for at elevar som utfører arbeid som ledd i praktisk opplæring kan varsle om kritikkverdige forhold? Er elevane informert og gjeve tilgang til varslingskanalen?
 - b. Kva elevar i fylkeskommunen er omfatta av bestemmelsen i aml. § 1-6? Korleis vert «elever som utfører arbeid» definert?
2. Den skriftlege tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet seinast innan 25.08.2020.

Svar frå fylkesrådmannen i tråd med vedtaket over vart handsama i kontrollutvalet i møte 17.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om varslingsrutinar for elevar så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på spørsmåla frå utvalet til siste møte i 2020.
3. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet innan 09.11.2020.

Nytt svar frå fylkesrådmannen i tråd med vedtaket skal behandlast i første møte i kontrollutvalet i 2021.

13.5 Øvrige saker i kontrollutvalet i 2020

Fylkesrådmannen orienterte m.a. om:

- Personalsak
- Tilbakemelding på status på verbaforslaga i budsjettet

Forslag til kurs i regi av Deloitte

Årsmelding for 2019 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Årsmelding for 2019 for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innmelding i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Henvending frå Hardanger AKS AS

Opprettig og skiping av mineralråd og val av medlemmer

Klage vedrørande fergetilbod til Austevoll kommune

Orientering om konstituering av dagleg leiari i Valen kraftverk AS

Budsjettforslag for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2021

Faktureringsrutinar for ferge mellom Oppedal og Lavik

Faktureringsrutinar for moped og motorsykkkel på ferger

Rekneskapsresultat for kontrollutvalet i løpet av året

Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontollar

Kontrollutvalet har i løpet av 2020 følgt opp status på kva tiltak som er sett i verk i høve fylkestinget sine vedtak i gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontollar i tidlegare Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Resultatet av dette arbeidet går fram av punkta under.

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med behandling av revisjonsrapportar vert følgd opp. Det vert vist til forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 5 som lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.»

1. Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vgs 2

På bakgrunn av det som kom fram i forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skula - Del 1 bestilte kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift - Del 2 i møte 17.11.16. Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget i møte 06.03.2018 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere ein meir eintydig definisjon av oppdragsverksemnd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemnd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.
2. Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.
3. Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.
4. Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.
5. Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:
 - a. korleis forretningsdrift skal bli budsjettert
 - b. kva oppdrag skulane skal kunne utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert

- c. første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for
 - d. riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva
 - e. eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering, m.a. korleis indirekte kostnader skal bereknast, slik som t.d. straum, reinhald, husleie
 - f. rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.
6. Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.
7. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har behandla oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen ved 3 høve i 2018 og 2019. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har behandla oppfølging av forvaltningsrevisjonen 2 gonger i 2020 seinast i møte 25.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek til orientering status på oppfølging av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2». Vidare har kontrollutvalet merka seg at det snart er 3 år sidan Hordaland fylkesting gjorde sitt vedtak for denne forvaltningsrevisjonen og at det difor har teke uforholdsmessig lang tid å få plass forbetringarbeidet.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen, om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 5 og 6 i handlingsplanen innan 27.01.2021
3. I tilbakemeldinga for punkt 1 må det gå fram konkret korleis ein har løyst det som går på oppdragsverksemd/forretningsdrift, slik kontrollutvalet også vedtok i møte 11.05.2020.
4. Kontrollutvalet ber vidare om at tilbakemeldinga må innehalde skriftleg dokumentasjon eller døme som viser det som er gjort på punkta 1, 2, 5 og 6 for å få på plass forbetringane.

2. Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte i oktober 2016 forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt. Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 06.03.2018 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Etablering av system og rutinar som sikrar at usikkerheit blir kostnadsberekna i samband med kostnadskalkylar for byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga, og forløpende i prosjektgjennomføringa i samband med analyser av usikkerheit.
2. At usikkerheit og risiko knytt til dei tidlege kostnadsestimata for både fylkesvegprosjekt og byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga blir tydeleggjort, også ovanfor politisk nivå, for å sikre

- at det føreligg eit forsvarleg beslutningsgrunnlag ved avgjerd om prioritering av investeringsprosjekt. I dette ligg sikring av at prisstigning vert teke omsyn til og synleggjort.
3. Å tydeleggjere behovet for gode totalprognosar ovanfor Statens vegvesen som Sams vegadministrasjon, og avklarar korleis slik rapportering best kan kome på plass. I dette ligg at prosjektrekneskap skal reviderast og leggjast fram for kontrollutvalet, tilsvarande som prosjekt frå eigedomsavdelinga.
 4. At delegering av mynde når det gjeld investeringar på fylkesvegnettet, til fylkesrådmannen og vidare til regionvegsjefen, er så tydeleg at det i minst mogleg grad er rom for ulike fortolkingar.
 5. Å fastsette kriterium for kor stor grad av usikkerheit som er akseptabel i ulike fasar av eit investeringsprosjekt. Det bør vurderast om Hordaland fylkeskommune skulle ha nytta ekstern kvalitetssikring ved løyvingar til dei største investeringsprosjekta.
 6. Å vurderer om det kan vere føremålstenleg å etablere nokre overordna prinsipp som skal ligge til grunn for prosessane med prioritering av investeringsprosjekt på tvers av sektorane
 7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet er nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga fra fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan investeringsplanlegging, ønskjer lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.

3. Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring i møte 19.11.18. Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 12.12.2018 der det vart gjort slike vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at registrering av sluttårsak i størst mogleg grad er korrekt, slik at ein får så få feilkjelder som mogleg.
2. Sikre at det blir gjennomført systematiske analyser av fråfallsårsaker, karakteristika som påverkar fråfallet, og skulebidragsindikatoren ved den enkelte skule, for å få eit betre grunnlag for iverksetting av målretta tiltak.
3. Gjere systematiske analyser av årsaker til heving av lærekontraktar per fagområde, for å få eit betre grunnlag for målretta tiltak.
4. Sikre at fråfallsførebyggjande tiltak på den enkelte skule blir systematisk evaluert.
5. Leggje ytterlegare til rette for erfaringsdeling og deling av beste praksis når det gjeld arbeid med fråfall.
6. Analysere årsaken til at det er begrensa bruk av midlar til særleg oppfølging og/eller tilrettelegging for lærlingar, og vurderer eventuelle tiltak.

7. Arbeide for å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora når det gjeld oppfølging av lærebedrifter som er medlem av opplæringskontor.
8. Sette i verk tiltak for å få betre oversikt over, og kome tidlegare inn i, saker der det er utfordringar i eit lærlingforhold som medfører risiko for heving av kontrakt.
9. Sikre at oppfølgings tenesta (OT), og eventuelle andre relevante aktørar, blir involvert i oppfølging av saker der det er risiko for heving av lærekontrakt.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
11. Alle tiltak som vert sett inn for å førebyggja og redusera fråfall bør evaluerast.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune følgde denne forvaltningsrevisjonen opp i 3 møte i 2019.

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har følgd saka opp 2 gonger i 2020 seinast i møte

25.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga fra fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon om fråfall i vidaregåande opplæring, ønskjer lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.

4. Forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet i møte 05.02.2018, Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 03.10.18 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyer det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.
3. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
4. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
5. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet.
6. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.

7. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.
9. Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringer i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har behandla oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen ved 2 høve i 2019 og kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har behandla den 2 gonger i 2020 seinast i møte 12.10.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at ein er komme ein god del lenger i forbetningsarbeidet enn ved forrige rapportering når det gjeld forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnsettet.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 1, 3, 6, 7, 8 og 9 til første møte i utvalet i 2021, med frist for levering til sekretariatet innan 15.01.2021.

5. Selskapskontroll av Grieghallen IKS

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte i møte 29.11.17 selskapskontroll av Grieghallen IKS. Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 12.12.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS ber fylkestinget fylkesordførar syta for å:

1. Vurdere konsekvensen av at eit av styremedlemmane no er konstituert fylkesrådmann med omsyn til habilitet når saker vedrørende selskapet skal handsamast i fylkestinget.
2. Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:
 - a. grunngjeving av val av styremedlemmar.
 - b. rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
 - c. registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.
3. Sikre at talet på styremedlemmar er i samsvar med intomsel. § 4.
4. Oppdatere selskapsavtalen og sørge for at praksis er i samsvar med avtalen (mellan anna når det gjeld formulering om varamedlemmar, kva endringar som skal handsamast i fylkesting og bystyre, og val av styreleiar).
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.06.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av Grieghallen IKS ber fylkestinget styret syta for å:

1. Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med intkomsel. § 8 og selskapsavtalen.
2. Utarbeide økonomiplan i samsvar med intkomsel. § 20 og selskapsavtalen
3. Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med intkomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.
4. Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
5. Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
6. Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.
7. Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.
8. Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.
9. Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.
10. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune følgde denne selskapskontrollen opp i 2 møte i 2019 både når det gjeld eigar sitt oppfølgingsansvar og selskapet sitt oppfølgingsansvar.

Vidare har kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune følgd opp saka 4 gonger i høve selskapet der det seinast i møte 25.11.2020 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber **selskapet Grieghallen IKS** om ny skriftleg status i forbetringsarbeidet etter selskapskontroll av selskapet gjennomført i 2018, slik at det kan handsamast i siste møte i utvalet før sumaren 2021.
2. Kontrollutvalet ber også om å få tilsendt skriftleg dokumentasjon på alt forbetringsarbeidet som er ferdig gjennomført.
3. Sakstilfanget vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.

Vidare har kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune følgd opp saka 3 gonger i høve **eigar** der det seinast i møte 25.11.2020 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber **fylkesordførar** om ny skriftleg status i forbetringsarbeidet etter selskapskontroll av Grieghallen IKS gjennomført i 2018 slik at det kan handsamast i siste møte i utvalet før sumaren 2021.
2. Sakstilfanget vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.

6. Forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltning

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte i februar 2018 forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning. Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 12.06.2019 der det vart gjort slikt samrøystes vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevision innan kulturminneforvaltning ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak
2. Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga
3. Gjennomføre risikovurderinger knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga
4. Gjennomgå og tydeleggjere rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator
5. Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningsliner, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for
6. Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha
7. Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea
8. Sikre etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker
9. Sikre at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 07.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

Handlingsplan i tråd med punkt 10 i vedtaket over vart behandla i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 1 gong i 2019 og kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har behandla oppfølging av forvaltningsrevisionen 2 gonger i 2020 seinast i møte 12.10.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at ein sidan sist rapportering er kome ein god del lenger i forbetningsarbeidet når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevision innan kulturminneforvaltning.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 1, 3b, 5, 6 og 7 til første møte i utvalet i 2021 med frist for levering til sekretariatet innan 01.01.2021.

7. Bybanen Utbygging

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte i september 2018 forvaltningsrevision av Bybanen Utbygging. Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 01.10.2019 der det vart gjort slikt samrøystes vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevision av Bybanen Utbygging ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

- 1) At det vert utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:
 - a) dei ulike oppgåvene som inngår i hovedprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og
 - b) dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar.

- 2) Etablere systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen.
- 3) Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinnet, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnadene som skal vidarefakturerast og når kostnadene skal betalast inn.
- 4) Evaluere prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbetningspunkt som det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarande kontraktar.
- 5) At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsenteret i Hordaland fylkeskommune.
- 6) Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har behandla oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen 3 gonger i 2020 der det seinast i møte 25.11.2020 vart gjort slikt vedtak:

- 1) Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av punkt 5 b i forvaltningsrevisjon internkontroll av Bybanen Utbygging til møte i utvalet 17.02.2021.
- 2) Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på dette punktet for å få på plass forbetring.
- 3) Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 27.01.2021.

8. Transporttenesta for forflytningshemma

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte i desember 2018 forvaltningsrevisjon av transporttenesta for forflytningshemma. Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 01.10.2019 der det vart gjort slikt samråystes vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Etablere skriftlege rutinar for saksbehandling av søknader om TT-godkjenning for å sikre at praksis for saksbehandling av søknader samsvarer med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga, til dømes rutinar som skal sikre:
 - at saksbehandlarane si habilitet blir vurdert ved fordeling av søknader for behandling
 - at det er tydeleg både for søkerar og saksbehandlar kva søknader som kan bli behandla administrativt og kva søknader som skal vurderast av legenemnda

- at søknadene blir behandla utan ugrunna opphold
 - at det blir sendt ut førebels svar om søknaden ikkje kan svarast på innan fire veker, med informasjon om kva som er årsaka til at søknaden ikkje kan bli behandla tidlegare i samsvar med forvaltningslova § 11 a
 - at saksbehandlarar og legane i legenemnda blir gitt god rettleiing for kva som skal (og ikkje skal) vektleggast ved vurdering av søknadane og utforming av vedtak
 - at opplysningar av betydning for saka, og som blir formidla munnleg, blir nedteikna skriftleg
 - at det er lik praksis når det gjeld i kva tilfelle fylkeskommunen skal etterspørje tilleggsopplysningar for å behandle ein søknad, og i kva tilfelle søknader kan bli avvist på bakgrunn av manglande dokumentasjon
 - at vedtak blir grunngjeve og at det blir vist til relevante reglar som vedtaket byggjer på i samsvar med forvaltningslova § 25
 - at praksis for fornying av TT-kort er i samsvar med krav i forvaltningslov og personvernlovgiving
 - at førebuinga av klagesaker er lik uavhengig av saksbehandlar og at instansane som skal vurdere klagesaker er informert om dei vilkåra sakene skal vurderast på bakgrunn av
2. Sikre at informasjon gitt til søkerane, mellom anna i brev og på fylkeskommunen sine nettsider, er korrekt og i samsvar med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga.
 3. Vurdere om søknadsskjema og legeerklæringsskjema er tilpassa alle brukargruppene som er omfatta av TT-ordninga og sikrar at dei legger til rette for likebehandling av søknader uavhengig av type sjukdom eller funksjonshemmning.
 4. Utbetre statistikken som blir ført over talet på klager og vedtak som blir endra utan behandling i klagenemnda.
 5. Greie ut nærmare kva behandlingsgrunnlag fylkeskommunen har for å behandle helseopplysningar i samband med behandling av søknader om TT-godkjenning, og sikrar at alle søkerar signerer personvernerklæringa dersom behandlingsgrunnlaget skal vere samtykke frå den enkelte brukar.
 6. Etablere rutinar for melding av avvik og oppfølging av desse som ein del av forbettingsarbeidet.
 7. Vurdere tiltak for å styrke involveringa av brukarorganisasjonar i utviklinga av TT-ordninga og nytte innspel frå brukarane til evaluering og forbetring av tenesta.
 8. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har behandla oppfølging av denne forvaltningsrevisionen 2 gonger i 2020 seinast i møte 12.10.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at det er sett i gang fleire positive prosessar sidan forrige rapportering når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan transportordninga for funksjonshemma.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 1, 3, 4, 6 og 7 til andre møte i utvalet i 2021. I denne tilbakemeldinga må det også gå fram korleis status for etablering av skriftelege rutinar for saksbehandling er, jf. innleiing i punkt 1 i vedtaket i Hordaland fylkesting 01.10.2019.
3. Ny skriftleg status vert å levere sekretariatet 3 veker før møtedato.

9. Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte i februar 2019 fra Deloitte «Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular». Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 12.06.2019 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretok krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å beregne «potten» på er den rette, då noverande beregningsmodell ikkje sikrar likebehandling.
2. Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv.
3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.
4. Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikte på å eventuelt tilbakebetale manglende utgiftsdekning for friskolane.

Handlingsplan i tråd med punkt 3 i vedtaket over vart behandla i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 25.11.2019. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune behandla ny oppfølging av denne saka i møte 11.05.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at ein sidan sist rapportering er komme noko lenger med forbettingsprosessane når det gjeld rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av rapporten for punkta 1, 2 og 3 til møtet i utvalet i november 2020 med frist for levering til sekretariatet innan 04.11.2020.

På førespurnad frå fylkesrådmannen er frist for å svare i tråd med 2 i vedtaket over utsett til 12.04.2021.

10. Selskapskontroll av Bybanen AS

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte i oktober 2016 selskapskontroll av Bybanen AS. Etter at arbeidet var starta opp blei det sett i gang omorganisering av selskapet m.a. på bakgrunn av ein tilsynsrapport frå Jernbanetilsynet. Kontrollutvalet vedtok på bakgrunn av dette å utsette denne selskapskontrollen til ny organisering hadde fått virke ei stund.

I møte i kontrollutvalet 24.09.18 vart saka starta opp igjen og revisjonsrapport vart behandla i møte i fylkestinget 01.10.2019 der det vart gjort slikt samråystes vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget fylkesrådmannen om å syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

- 1) Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS
- 2) Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS, inkludert formalisering av storleiken på overskotet.
- 3) Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort
- 4) Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort
- 5) Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell
- 6) Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
- 7) Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

*På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **selskapet** om å:*

- 1) Utarbeide ein styreinstruks
- 2) Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret
- 3) Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutinane for budsjettarbeidet blir skriftleggjort
- 4) Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen
- 5) Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:
 - a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen
 - b) Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.
- 6) Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane

- 7) Fylkestinget ber også om at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har behandla oppfølging av denne selskapskontroll 2 gonger i 2020 seinast i møte 12.10.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

- A1. Kontrollutvalet ber **fylkesrådmannen** komme med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 1, 3, 4, 5 og 6 i selskapskontroll av Bybanen AS slik at det kan handsamast i første møte i utvalet i 2021.
- A2. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 15.01.2021.
- B1. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status fra **Bybanen AS** på oppfølging av punkta 3, 4, 5 og 6 i selskapskontroll av Bybanen AS slik at det kan handsamast i første møte i utvalet i 2021.
- B2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon på det som er gjort for dei aktuelle gjennomførte forbetringane.
- B3. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 15.01.2021.

11. Kontroll av reiserekningar på politisk nivå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i sak 37/19 følgjande etter innstilling frå kontrollutvalet:

- 1) Fylkestinget tek rapport etter kontroll av reiserekningar på politisk nivå til etterretning
- 2) Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at legitimering av formål med, og førehandsgodkjenning av reiser får fokus ved utarbeiding av rutinar og retningslinjer for yrkesreiser i den nye fylkeskommunen
- 3) Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at:
 - a) Program, invitasjon og andre forklarande dokument skal leggjast ved under opplastingsfunksjonen «Generelle dokument» i startskjermbletet i reiserekningssystemet (første skjermblete)
 - b) Eventuell godkjenning og kven som har gitt denne skal gå fram som skriftleg kommentar frå den som krev refusjon i slutt-skjermbletet
- 4) Tiltaka 3a og 3b vert innført og presisert for alle brukarar av reiserekningssystemet i dagens fylkeskommune

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune følgde denne saka opp i møte 17.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

- 1) Kontrollutvalet tek oppfølginga av kontroll av reiserekningar på politisk nivå til etterretning
- 2) Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen sjå til at legitimering av føremålet med deltaking på kurs, konferansar og liknande arrangement vert teke med i reglementet for folkevalde

12. Selskapskontroll av Trivselshagen IKS

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i sak 38/19 følgjande etter innstilling frå kontrollutvalet:

- A) Rapport etter gjennomført selskapskontroll av Trivselshagen IKS vert teken til etterretning
- B) Fylkestinget ber fylkeskommunen sine eigarutsendingar ta initiativ i representantskapet til å sette i verk følgjande tiltak:
 - 1.) Ferdigstille arbeidet med å utgreie eigarstruktur
 - 2.) Utarbeide felles eigarstrategi for selskapet (dersom ein ikkje vel å dele selskapet)
 - 3.) Syte for at representantskapsmedlemmane deltek i eigarmøta.
 - 4.) Revidere og vedta ny selskapsavtale, og under dette tydeleggjere føremålet med selskapet.
 - 5.) Revidere og vedta nye leigeavtalar, inkludert avtale om fordeling av driftsoppgåver. Under dette også klargjere kva som skal reknast som framleige.
 - 6.) Revidere og vedta ein avtale om areal- og kostnadsfordeling som er basert på faktisk bruk av areala, inkludert framleige.
 - 7.) Følge opp at selskapet setter i verk tiltak for å betre samhandlinga mellom leigetakarane og selskapet.
 - 8.) Følge opp at selskapet gjer ei ny vurdering av MVA-plikta
 - 9.) Klargjere og eventuelt avtalefeste korleis overføring av tomтар skal skje, særleg det som gjeld festetomter og kva konsekvensar det har for betaling av festeavgift (om det ikkje inngår i ein ny selskapsavtale).

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har følgd opp denne saka 2 gonger i 2020 seinast i møte 25.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet ser at det har vore gjort ein del arbeid i oppfølginga av vedtaket i FT-sak 38/19 sidan sist oppfølging 17.09.20, men at det står att ein del før oppfølginga er ferdig
- 2. Kontrollutvalet ber om ny statusrapport for oppfølging av vedtaket i FT-sak 38/19 innan 27.01.2021, slik at kontrollutvalet kan behandle rapporten i møte 17.02.2021.
- 3. Kontrollutvalet ber særleg administrasjonen følge opp punkt B9 i FT-sak 38/19.

13. Forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i sak 1/19 følgjande etter innstilling frå kontrollutvalet:

- 1) Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til etterretning
- 2) Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 - a) Tydeleggjere fylkeshovudverneombodet si rolle ytterlegare
 - b) Sikre at det vert valt verneombod i alle verneområde
 - c) Ferdigstille følgjande påbyrja tiltak:
 - i) Sikre at det jamleg og i samarbeid med arbeidstakarane og deira tillitsvalde blir utarbeidd risikovurderingar, mål og handlingsplanar i alle einingar, inkludert risikovurderingar knytt til vald og truslar

- ii) Sikre at risikovurderingar og handlingsplanar blir utarbeidd med tilstrekkeleg kvalitet, og i samarbeid med dette vurderer auka krav til bruk av fylkeskommunen sine malar
 - iii) Sikre at rutinar og malverk kontinuerleg vert oppdatert i høve til gjeldande regleverk og organisering
 - iv) Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
 - v) Sikre at det blir gitt nødvendig opplæring
 - (1) I høve vald og truslar om vald
 - (2) Kva som er å rekne som avvik og korleis dette skal meldast
 - (3) Verneombod og leiarar
 - vi) Syste for at frikjøpsordninga blir vurdert. Dette for at vernetenesta skal kunne ivareta si rolle.
- 3) Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å sikre at følgjande tiltak vert teke med og implementert i nye Vestland fylkeskommune
- a) Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering
 - b) Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
 - c) Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringer
 - d) Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbeting av tenestene
- 4) Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune behandla oppfølging av rapporten 1. oktober 2019 i KU-sak 50/19, der det vart gjort følgjande vedtak:

- 1) Rapport datert 31. august 2019 etter oppfølging av forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til orientering
- 2) Kontrollutvalet vurderer arbeidet som er gjort så langt til å vere grundig
- 3) Kontrollutvalet ber om at tiltaka i pkt. 3 i fylkestinget sitt vedtak vert følgt opp av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune følgde denne saka opp på nytt i møte 17.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet vurderer fylkestinget i Sogn og Fjordane sitt vedtak i FT-sak 1/2019 pkt. 3 til å vere ferdig oppfølgt.



Vestland
fylkeskommune

Kontrollutvalet

No Sekretariat for kontrollutvalet

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900, 5021 Bergen

telefon: 055-507

Kontrollsjef Høgne Haktorson: høgne.haktorson@vlfk.no

Roald Breiskin: roald.breiskin@vlfk.no

Kjartan Haugsnes: kjartan.haugsnæs@vlfk.no

Helge Inge Johansen: helge.inge.johansen@vlfk.no

Einar Ulla: einar.kare.ulla@vlfk.no

Felles e-post: kontrollutvalet@vlfk.no

vestlandfylke.no